

# PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 3- 2018



colourbox.com

Foto: Colourbox.com

## Barn med hjartebilyd

Av: Asle Hirth, seksjonsoverlege Barne- og ungdomsklinikken

**Hjartebilyd er svært vanleg og opptrer hos 80 – 90 % av friske barn. Ved hjelp av god sjukehistorie og fullstendig klinisk undersøking kan allmennlegen identifisere dei barna som kan ha ein medfødt hjartefeil.**

Ved vurdering av hjartebilyd hos barn må ein ta stilling til om hjartebilyden er systolisk eller diastolisk (kjenn på pulsen samstundes) og om hjartebilyden er kort, lang (holosystolisk) eller kontinuerleg (både systole og dia-



BETANIEN  
SYKEHUS



HELSE BERGEN  
Haukeland universitetssykehus



Haraldsplass  
Diakonale sykehus

Vidare må ein avklare hjartebilydens styrkegrad 1 til 6. Styrke 3 er ein tydeleg bilyd, men til forskjell frå styrke 4 kan ein ikkje kjenne vibrering på brystveggen. Ein må også bestemme seg for kor ein hører hjartebilyden sterkest, og om den kan høyrast på ryggen.

Harterelaterte symptom hos dei minste barna er dårleg vektoppgang og rask respirasjon. Hos litt eldre barn ser ein at dei er mindre fysisk uthaldande. I tillegg er svak eller manglande lyskepuls viktig å utelukke ved hjartebilyd.

### Hjartebilyd som krev tilvising til barnekardiolog er:

- Sterke bilydar ( $\geq$  grad 3). Ved feber, kontroller i frisk fase
- Alle diastoliske, kontinuerlege og holosystoliske bilydar
- Bilyd som kan høyrast på rygg
- Konstant spalting av 2.hjertetone
- Barn med syndrom eller dysmorph trekk
- Alle bilydar dersom harterelaterte symptom

## Samhandlingsseminar 2018

Haraldsplass Diakonale Sykehus ønsker velkommen til nytt samhandlingsseminar. Seminaret gir 3 tellende timer til kursserie. Tapasbuffet frå kl. 16.00. Samhandlingsseminaret er gratis.

Dato 21.03.2018. Program 17:00-20:00

Stad: Thon Hotel Rosenkrantz.

Sjå program på internetsida:

<https://www.haraldsplass.no/arrangementer/samhandlingsseminar-2018-2018-03-21>

## Nytt og nyttig møte

19. april 2018 Kl. 18-21

Stad: Sentralblokka, Store auditoriet

Nokre av emna denne kvelden: Lymfeødem og limpødem, Lyskebrokk, nytt om multidose, folatmangel, og endometriose

Påmelding: Sis-holm@ntls.nhn.no



## Pasientar med utviklingsforstyrri- gar og psykiske lidinger

### - Nytt behandlingstilbod ved Sandviken sjukehus

Av: Kristin Jordheim Bovim, klinikkdirktør, Psykiatrisk klinik

Første februar 2018 opna « Eining for Kompleks Rehabilitering Sandviken» (KRS), som er ei skjerma avdeling med ni sengeplassar. Tilboden er på plass etter ei større omstilling, som vi håpar skal komme dei mest ressurs-svake og krevjande pasientane våre til gode.

KRS er tilrettelagt for to pasientgrupper:

- Pasientar som treng kompleks rehabilitering
- Pasientar som har psykisk utviklingshemming og alvorlege psykiske lidinger.

Begge gruppene er pasientar med betydelege tilleggs-problem, som treng tidsavgrensa rehabilitering i lukka seksjon for å kunne fungere optimalt.

### Psykisk utviklingshemming

Vi har endeleg fått på plass eit tilbod for pasientar med psykisk utviklingshemming og alvorleg psykisk liding, med to skjerma senger. Dette er ei stor gruppe som fram til no ikkje har hatt eit godt nok tilbod på vestlandet. Tidlegare måtte desse pasientane reise til Dikemark sykehus i Asker for utgreiing og behandling. Her satsar vi på tett samarbeid mellom vårt eige UUP-team, bufellesskap, kommunalt hjelpeapparat og pårørande.

### Kompleks rehabilitering

Behandlinga er tilrettelagt for pasientar med samansette problem. Dei har gjerne ein kombinasjon av psykose, rusbruk og kan opptre potensielt farleg. Tilboden utgjer sju sengeplassar. Vi ser for oss at denne pasientgruppa vil ha ei gjennomsnittleg liggetid på 3 – 6 månader. Målet er at pasienten skal flytte inn i eigen bustad. Rehabiliteringa vil krevje omfattande samarbeid mellom spesialist- og primærhelsetenesta. For å få desse pasientane ut i samfunnet, må mange gode krefter arbeide saman. Våre fagfolk vil bidra med rettleiing og oppfølging, så lenge det er behov for det.

### Behandlingsteamet

Det eit sett saman eit tverrfagleg team (UUP-teamet) som møter pasienten. I teamet er psykiater, spesialist i klinisk psykologi og psykiatrisk sjukepleiar. UUP-teamet har eit utstrekkt fagleg samarbeid med pasientane sine pårørande, bufellesskap og det kommunale hjelpe-apparatet. Teamet samarbeider også med nevro-psykologisk team og Habiliteringstenesta.

Den nye eininga er plassert midt i eit pulserande og stort sjukehusmiljø. Det gir pasientar moglegheit til å nytte seg av ulike tilbod ved sjukehuset, som for eksempel trening. Dei tilsette er blitt ein del av eit større felleskap, noko som gir tryggheit og større fagleg miljø på arbeidsplassen.

### PKO-konferansen

06.-08.06.18 i Svolvær.

**Hovudtema:** Samhandling innen akuttmedisin • Våre syke eldre • PKO nå og i fremtiden

Meld deg på Nasjonal PKO konferanse her:  
<https://www.netigate.se/a/s.aspx?s=530788X114198907X68147>

### PKO-nytt går digitalt

I april er det siste gongen PKO-nytt blir sendt ut i papirversjon. Du er velkommen til å melde deg på vårt elektroniske nyheitsbrev.

Gå inn på: [www.helse-bergen.no/pko](http://www.helse-bergen.no/pko)

[www.helse-bergen.no/pko](http://www.helse-bergen.no/pko)

Praksiskonsulentordninga. Redaktør Harald Hauge.  
E-post: [pko@helse-bergen.no](mailto:pko@helse-bergen.no)

Adr: Haukeland universitetssjukehus  
Postboks 1400, 5021 Bergen.